

BARNEHAGEKVARDAGEN

DAGSRYTME

Kl 07.00	Barnehagen opnar
Kl 07.30	Frukost/ frileik
Kl 08.30	Frukost ferdig/ frileik
Kl 08.45	Morgonmøte/frileik.
Kl 09.30	Aktivitetar startar
Kl 10.45	Lunsj - Småtrolla
Kl 11.30	Lunsj - Skogstrolla og Skålanissane Pauseavvikling når borna er komne ut.
Kl 14.00	Lettmåltid Småtrolla
Kl 14.15.	Lettmåltid Skålanissane og Skogstrolla Frileik inne/ ute
Kl 16.30	Barnehagen stengjer

Vi startar aktivitetar kl 09.30 og held på til ca. kl 14.00. Foreldra må gi beskjed dersom bornet kjem seinare enn kl 09.30 eller skal bli henta før kl 14.00. Dersom bornet vert heime ein dag må barnehagen få melding før kl 08.30. Foreldra må kome for å hente seinast 16.25. Tidlegare dersom dei ynskjer informasjon om dagen.

DAGTAVLE

Alle avdelingane har ei dagtavle for kvar gruppe. Målet med denne tavla er å gje borna forutsigbarheit i høve kva som skal skje.

Tavlene skal nyttast kvar dag og anten lagast til heilt på slutten av dagen eller tidleg neste morgon. Ein informerer ikkje nødvendigvis borna om kva som står på tavla kvar dag, men viser alle korleis dei kan nytte denne.



MÅLTID

Vi har tre måltid i barnehagen. Frukost, lunsj og lettmåltid. Vi legg vekt på at vi skal ha eit sunt og variert kosthald. Til frukost og lunsj er det ofte smøremåltid. Lunsjen vert av og til erstatta av varme måltid. Lettmåltidet inneheld grove skiver/knekkebrød/yoghurt og eit variert utval av frukt og grønt. Vi vaskar hendene før vi går til bordet. Der syng vi eit lite bordvers. Borna får smøre sjølve, og dei yngste får hjelp av dei vaksne. Vi har som mål at borna skal lære å spør på ein fin måte dersom dei treng hjelp og vi takkar for maten. Måltidet skal vere prega av at vi skal ha det kjekt saman og skape ei roleg stund. Vi har kjøkkenassistent i barnehagen. Ho har ansvar for å lage varmmat til kvar gruppe to gongar i månaden, smøre niste, matbestilling med meir. Sjølv om vi har ein person til desse oppgåvene, skal borna fortsatt ta del i matlaginga på tur og i barnehagen. Barnehagen fyl veiledaren "Retningslinjer for mat og måltider i barnehagen" utgitt av Sosial- og helsedirektoratet i det daglege. Sjå lenkje.

Vi ynskjer at foreldra ikkje let borna ta med mat heimanfrå.

[Retningslinjer for mat og måltider i barnehagen](#)

BURSDAGSFEIRING

Når borna har bursdag vert dagen feira i den gruppa dei er på den dagen. Då heng vi opp flagget saman med bornet om morgonen, har bursdagssamling og barnet får velje dessert til måltidet. Bornet får eit laminert bilete av bursdagsfeiringa i barnehagen med heim. Det er ikkje høve til å dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen, men personalet er gjerne behjelpelige med å gi informasjon om kven barnet er på gruppe med, like gamal som osv. Dette finn ein også i Kidplan, men dobbelsjekk gjerne med personalet at alle er med. Nokon foreldre kan velje å ikkje vere synleg i Kidplan.

)

LIVSGLEDE FOR ELDRE

Vi har lenge hatt eit samarbeid med Ørstaheimen. I 2017 vart vi ein "livsgledebarnehage". Det vil seie at ein skal treffe eldre jevnlig og ha felles aktivitetar. Dette skjer i samarbeid med Ørsta vidaregåande skule. Der skal elevane på skulen legge til rette for aktivitetar som borna og dei eldre skal gjere i lag. Det er Skogstrolla og Skålanissane som er med på dette, men Småtrolla besøker også Ørstaheimen.



[Livsglede for eldre- nettside](#)


MAURTUEKLUBB

Maurtueklubb er for dei borna som går sitt siste år i barnehagen før skulestart. Kvar gong har vi fokus på at borna skal få tid til å leike fritt og dyrke venskap på tvers av avdelingane. I tillegg har vi ein aktivitet kvar gong, denne vekslar mellom murtuekor, skrivedans og oppgåver. I april/mai møtast vi to gongar i veka. Då er borna rosaruss. Vi har eit godt samarbeid med skulen for å sikre ein god start for borna.

I løpet av barnehageåret reiser vi til Sunnmørsbadet og i byrjinga av juni tek vi borna med på avslutningstur til Hakallegarden.

[Les meir om Maurtueklubben her](#)

Vi er mange tusen maur i tua vår- og alle ser vi like ut.
Vi har alle seks bein når vi går- og alle har vi skjell til hus.
Men prøv en dag å legg deg ned på kne, og se på alt vi driver med.
Og maur og li og la, en million HURRA!
Og lenge leve tua vår!



KLE OG ANNA UTSTYR

Det er viktig at bornet har behagelige og praktiske kle i barnehagen. Kle og fottøy må vere gode å ha på, passeleige i størrelse og tilpassa året. Det er viktig at alle kle, sko og anna utstyr bornet har på og med seg vert merka med navn. Vi ynskjer at de berre tek med kle som de ikkje er redde for, og kle som kan verte brukte ute. Dei borna som søv i barnehagen har med eigne vogner. Desse vert oppbevart i isolert vognskur.

Vi ynskjer ikkje at borna skal ta med eigne leiker i barnehagen. At nokon har med eigne leiker skaper mange konflikter. Alle andre vil også ha med, samt at det vert mykje for personalet å passe på. Ber om at de respekterer dette. Born som treng ein spesiell bamse el.l for å kjenne seg trygg kan sjølvstakt ta den med. Barnehagen tek ikkje ansvar for å erstatte kle og anna utstyr som vert øydelagde i barnehagen.

PRAKSISBARNEHAGE

Barnehagen har i mange år hatt eit tett samarbeid med Høgskulen i Volda. Vi har kull med studentar frå barnehagelærarutdanninga i barnehagen kvart år. Samarbeidet gjev oss nye utfordringar ved at vi vert sett utanfrå og det vert stilt spørsmål ved vår praksis. Dette skaper refleksjon og utvikling. Gjennom samarbeidet med høgskulen får vi også kompetanseheving.

I dei periodene vi har studentar merkar vi godt at det er fleire hender og fang på avdelinga. Dette gjev oss ofte ein annan fleksibilitet enn det vi har til dagleg. Studentane har også mange spanande prosjekt som borna får vere med på.

Alle studentane vert oppfordra til å helse på foreldra første dagane dei er her. Det vert også informert på planar og eventuelle oppslag om når det skal vere studentar på gruppa og kven som kjem.

FASTE TEMA OG TRADISJONAR

Brannvern:

Vi har ein brannverndag om hausten og ein om våren. Vi lærer om førebygging av brann, naudnummer og kva ein skal gjere dersom det brenn. Vi har brannøving der borna sit å ventar på alarmen skal gå. Då skal dei gå fint ut til avtalt møteplass. Til arbeid med dette temaet nyttar vi materiell frå Brannbamsen Bjørnis.



Hautsfest:

Vi inviterer søsken, foreldre og besteforeldre på haustfest. Det er høve til å kjøpe brennsnutt samt at vi har andre aksjonar for å samle inn pengar til Redd Barna og vårt fadderbarn.

Jul:

Mandagen etter første søndag i advent startar vi "julestria" i barnehagen. Det meste foregår i gruppene borna er på til vanleg. Vi har adventssamlingar, lagar julepynt, julegaver og julekaker.

Ellers har vi desse tradisjonane:

- Borna på Skålanissane og Skogstrolla går i luciatog. Dei går gjennom Småtrollavdelinga før dei går til Ørstaheimen. Etterpå et alle lussekattar.
- Vi vert invitert til Ørsta kyrkje på julevandring/gudsteneste. I forbindelse med dette leverer vi ut skjema der foreldra vel om borna skal vere med på dette eller annan aktivitet.
- Nissefest. Borna kler seg ut med nissehus og raude kle om dei har. Alle borna er samla på føremiddagen. Vi brukar også å få nissebesøk.....

Samefolkets dag:

Denne markerer vi 6.februar. Fredagen før om det er helg den dato. Dette gjer vi for å synleggjere samisk kultur og opplegget må vere tilpassa alder.

Karneval:

I februar er det karneval i barnehagen. Då er det fest for store og små. Barna kjem utkledd i barnehagen og personalet kler seg ut. Vi syng karnevalssongar, høyrer musikk, har diskotek og fleire leikar. "Katta i sekken" og "setje hale på grisen" er faste leikar kvart år. Til lunsj har vi pølser med brød.

Barnehagedagen:

Dette er ei årleg markering der barnehagane skal synleggjere for omverda kva borna får oppleve, erfare og gjere i barnehagen. Det er Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Foreldreutvalget for barnehager som står saman om å arrangere dagen. Her i barnehagen har vi ofte laga til stasjonar som barna kan velje fritt mellom på denne dagen i samband med årets tema.



Påske: Siste veka før påskeveka er påska tema hos oss. Denne veka lagar vi litt påskepynt, snakkar om vår og nytt liv. Torsdagen har vi påskelunsj. I samband med påske vert vi også invitert til kyrkja, og har då samme rutine som til jul.

17.mai: Siste dagen før 17.mai øvar vi oss på å gå i tog. Alle er med på dette, og tek med eige flagg merka med namn. Vi går til Ørstaheimen. Der syng vi nokre songar og ropar heiaropet våra. Tilbake i barnehagen har vi fiskeburger til lunsj og tradisjonsrike leikar.

Her kjem det ein glade gjeng,
som får opplevingar i fleng.
Vi tek sola med på tur,
rundt omkring i vår natur.
Farkvamen barnehage har engasjement,
trygge vaksne med gode fang.

Hipp, hipp, heisann HURRA!!



Sommarfest: Vi har ein fast tradisjon i å arrangere sommarfest. Då inviterer vi sysken, foreldre og besteforeldre til mat og underhaldning. Dei som skal slutte i barnehagen får utdelt ei ramme med bileter frå barnehagetida. Festen er etter barnehagen er stengt og brukar å vere i starten på juni.